



Kari Bråthun (t. v.) gjekk heilt til topps i Ternenrennet. Her saman med Katrine Yri Røssland som tok ein fin tredje plass.(Foto: Silje Bråtun)

Snart 11 år gamle Kari Bråtun stod for den beste prestasjonen av uskedelingane som deltok i Ternenrennet lørdag. Etter eit godt og veldisponert løp gjekk ho heilt til topps i sin klasse. Rennet gjekk i fristil, og det vart flytta til Fjellhaugen Skisenter på grunn av mangel på snø i Tveitedalen. Til saman deltok det nærare 50 skiløparar. Dei fleste kom frå laga i Kvinnherad, men det var og løparar frå Il. Korlevoll, Hålandsdalen il., Samnanger il. og Bergen Turnforening.

Kari Bråtun hadde ein hard og tett duell med Helene Skåla frå Rosendal om sigeren. Etter ein flott innspurt slo ho den gode rosendalsjenta med tre sekund.

- Det var fine føreforhold, og eg hadde gode ski, fortalde Kari etter at sigeren var sikra. Det store smilet viste ein tydeleg fornøgd vinnar då ho viste fram førstepremien, - ein flott kakespade i Hardangerbestikk.

I og med at løpet gjekk i fristil, meinte ho at ho hadde hatt god nytte av det ho hadde lært på skøytekurset ho har delteke på dei siste vekene.

På spørsmål frå oss om ho har noko forbilde i langrennsløypa, kjem svaret kjapt: - Astrid Uhrenholt Jakobsen. Ikkje uventa i desse VM-tider. Den ungjenta har jo imponert både i klassisk og fristil under den pågåande verdmeisterskapen i Sapporo.

Det er kjekt å registrera at det er fleire ungjenter frå Uskedalen som har gjort det godt i lokale langrenn i vinter. Lørdag tok Katrine Y. Røssland ein flott tredjeplass i klassen som Kari vann. Ingebjørg Haugland og Maren H. Bjørneboe har gått gode renn, og dessutan har det vore ein gledeleg auke i talet på uskedelingar som har delteke i barneskirenn denne vinteren. Det skal verta spennande å følgja utviklinga i skigruppa i åra framover. Også i dei eldre klassane hevda uskedalsløparane seg godt. Både Ole Vidar Monsen, Stig Berge Soldal og Pål Haugland vann sine klassar. Særleg let vi oss imponera av vel 60 år gamle Pål. Tida viser at både den fysiske forma og teknikken er på plass. Kanskje det er tid for å vurderer å slå følgje med Alf Berland til deltaking i veteran-VM?

Neste søndag er det klart for nytt renn i Fjellhaugen. Då er det Kvinnheradsmeisterskap. Det går i klassisk stil. Resultata finn de http://home.c2i.net/LA3KY/Karusellrenn_5_2007.htm

Av Thor Inge Døssland